



Tindra i aksjon på Dønhaug

Kvifor kjem det ikkje fleire enn 20 i Dønhaugkjedlaren for å oppleva ei stor stund med norske, folkelege songar i bearbeidd form og framført av 3 dyktige musikarar og songarar? Vi har ikkje noko kvalifisert svar på spørsmålet men vil beklaga at det ikkje kom fleire. i går kveld. Åshild Vetthus frå Suldal (med nær slekt i Uskedalen), Irene Tillung frå Voss og og Jorun Marie Kvernberg frå Fræna utgjer trioan Tindra og fortener stor honnør for det dei gjer med den norske songskatten, lat oss kalla det vitalisering.

Dei hadde vel 20 songar på repertoaret i kjedlaren og med unnatak av nokre tonesette dikt av Skjåks store lyrikar Jan Magnus Bruheim har dei produsert alt sjølve. Så er dei da også snart å tekne for veteraner sjølv om dei ikkje er meir enn rundt 30. Faktisk har dei laga 4 cd-ar.

Dei møttes under musikkutdanning i Oslo og har halde saman sidan. - faktisk i 12 år. Det dei serverar er ikkje berre tildels urnorske tonar som kallar fram kribling i godfoten, også tekstene er ei oppleving i seg sjølv. Dei fortel som regel ei god, men gjerne også saftig eller rørande historie.

Døme på det frå gårsdagens repertoar er songane om sjømannen frå Suldal og om den daude katta. Men den vakraste songen var nok kjærleiksdiktet til Bruheim som vart det siste ekstranumeret, Dei få som var der visste hedigvis å setja pris på konserten og klappa ut

att jentene 3 gonger. Magne vert skal igjen ha ros for at han ikkje heile tida følgjer den slagne musikkvegen, den som gjev mest slantar i kassa,

Tekst og foto:Ola Matti Mathisen